

Holme

TEMA: «En sand guldgrube» ①100,
Setegard og klostergoods ①47
KART: ④438

Kjem du sjøvegen frå Bergen og stemner inn Herdleffjorden, er den okergule sjøbua på HOLMEKNAPPEN eit kjent landemerke på styrbord side når du nærmar deg den vesle strandstaden. Holmeknappen hadde i eldre tid viktige sentrumsfunksjonar for eit vidt oppland av dei kringliggjande gardane: sjøbus, naust, landhandel, seinare også dampskipskai, hotell (1896) og meieri (1909). Men i dag er ikkje lenger Holmeknappen noko knutepunkt. Samferdsla og næringsvegane har endra det gamle mønsteret.



Sjøbua på Holmeknappen vart restaurert i 1992.

Sjøbua er truleg frå 1700-talet. Her var det tønneproduksjon og silde-salting i dei store sildeperiodane, og ei tid var det også butikk i andre høgda. I dag er sjøhuset restaurert, med mykje av det gamle utstyret på plass.

Ovanfor Holmeknappen, i det gamle gardstunet på Holme, ligg det ei røykstove som er mellom dei eldste i Nordhordland. På ei fjøl står det innskrive ANO MDLI : 1551. Det store, ovaltelgde lafte-tømmeret tykkjst stadfesta dateringa. □



Detalj av ljorekarmen.

Holmestova var i bruk til 1958.

Då vart ho restaurert slik at den gamle ljoren kom fram, prydd med karveskurdsrosetter og tausnoingsmotiv.



IDEN – EIN ADELEG SETEGARD

IDEN (Io); ein av dei adelege setegardane i Hordaland, er nemnd i Munkelivs-klosteret si jordebok i 1427. I Bergenhus lensrekneskap er det eit brev dagsett 20. januar 1560, der det står at borgarmeisteren i Bergen, ANDERS CHRISTENSSON makeskifter garden «Graff i Sogn» (Hafslo) mot garden Iden, som tilhøyrdte krona. Anders Christensson var komen til Bergen frå Fyn som skrivar på Bergenhus. Seinare vart han rådmann og borgarmeister og vart gift med Karen Jonsdotter av adelslekta Teiste til Kroken i Luster. Ho hadde garden i Hafslo som arvegods og grunnlag for makeskiftet. Iden fekk no status som setegard. Anders Christensson hadde hus på Strandsiden i Bergen og åtte ei sag i Nordfjord. Han var ein av dei mest velståande borgarane i Bergen, og dreiv med jektefart og nordlandshandel. I 1570 miste han ei jekt som gjekk på grunn i Kjelstraumen.

KJØTKNIVEN FRÅ FLØKSAND

I eit lite gravkammer i «Brandhaugen» på FLØKSAND i Meland vart det i 1864 funne ei kvinnegrav. I grava sto leirkar med restar av brende menneskebein, beinnål, kam, hjørneklo og to små kjøtknivar. Den eine kniven hadde ei runeskrift med runer av ulik storleik (mellom 3,5 og 5,5 mm). Skal ein lese innskrifta, må ein først venda runene og så lesa frå høgre mot venstre. Då står det: LINA LAUKARA. Laukar er grunnordet for lauker (lauk) og lina er lin. Innskrifta har altså to ord; lauk og lin i bokstavrim.

I andre, liknande innskrifter er eit anna ord – alu – med. Truleg kan a-runa etter laukar på Fløksand-innskrifta (laukara) vera startruna i trylleordet alu. Runa si tryllekraft vart auka med a-runa. Dei to plantenamna utgjorde eit fast samband nytta i gammal kultus og magi.

I saga om OLAV DEN HEILAGE vert det fortalt at kongen ein gong kom på vitjing hjå eit ektepar som hadde ein hestefallos – Volsi – innhylla i linduk saman med lauk. I ein seremoni under song vart Volsi rekt frå den eine til den andre, inntil den kristne kong Olav vart vreid og kasta han til hunden.

Truleg har kvinna frå Fløksand, som levde i det fjerde hundreåret, nytta kjøtkniven i samband med kultiske rituale for groderikdom.